



## **Statens vegvesen**

Tjenestekonsesjonskontrakt

anskaffing av:

**Driftsavtale  
Gudbrandsjuvet Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen**





## **Innholdsfortegnelse**

<b>A – regler for konkurransa .....</b>	<b>3</b>
A 1. Innleiing.....	3
A.1.1 Om oppdragsgivar .....	3
A.2.2 Føremål og omfang av anskaffinga .....	3
A.2.3 Avtale .....	3
A 2. Gjennomføring av konkurransa .....	3
A.2.1 Konkurranseform.....	3
A.2.2 Kostnader for å delta i konkurransa .....	4
A.2.3 Frist for vedkjenning.....	4
A.2.4 Avvisning .....	4
A.2.5 Avlysning .....	4
A 3. Krav til tilbodet .....	5
A 4. Vurderingskriterier for tildeling.....	6
A 5. Framdrift for anskaffinga .....	6
A.5.1 Leveringsadresse.....	6
A.5.2 Avgjerd/handsaming av tilboda .....	7
<b>B – kravspesifikasjon .....</b>	<b>8</b>
B 1. Beskrivelse .....	8
B 2. Driftsoppgåver .....	8
B 3. Bygningmessige og økonomiske tilhøve .....	8
B 4. Varigheit .....	9
B 5. Løyver .....	9
Vedlegg .....	9



## A – regler for konkurransa

### A 1. Innleiing

#### A.1.1 Om oppdragsgiver

Statens vegvesen arbeider med å utvikle atten utvalde Nasjonale turistvegar. Strekninga Geiranger-Trollstigen er ei av dei.

Målet med satsinga er å gjere Norge meir attraktivt som besøksmål, primært for norske og utenlandske rundreiseturistar ei eget køyretøy for å styrke næringsliv og bosetjing i distrikta.

Fundamentet for attraksjonen er køyreturnen i opplevingsrik norsk natur. For å forsterka opplevelingane og samstundes gi tilbod om sørvis i form av parkering, toalett m.m har Statens vegvesen satsa på attraktive og spanande stoppunkt med arkitektur av høg kvalitet. Tiltaka varierar frå små stoppunkt og enkle rast til store hovudrasteplassar og attraksjonspunkt med bygninger, installasjonar og utstyr av ulik karakter.

Se [www.turistveg.no](http://www.turistveg.no)

#### A.2.2 Føremål og omfang av anskaffinga

Føremålet er å inngå tjenestekonsesjonskontrakt for drift av Statens vegvesen sitt turistveganlegg ved Gudbrandsjuvet.

Gudbrandsjuvet har vore ein attraksjon langs turistvegen siden opninga av Trollstigvegen i 1936. Opprustinga av attraksjonen vart ferdigstilt og opna i 2010. Ei bru og ein utsiktsplattform med fleire utsiktspunkt gir god oppleveling av juvet. Gjestane har og flott utsikt mot foss, juv og fjell fra kafébygninga på staden. Det er toalettanlegg i eigen sidebygning. Her fins og lager og kjølerom for drift av kaféen.

For teikninger av anlegga Se vedlegg 2.

For beskrivelse av oppgåvene se kap B-kravspesifikasjon.

#### A.2.3 Avtale

Statens vegvesen skal inngå tjenestekonsesjonskontrakt med leverandør for 5 år med ei prøveperiode på 1+1 år. Det er moglegheit for forlenging i ytterlegare 5 år.

Gudbrandsjuvet skal driftast frå og med sesongen 2018.

## A 2. Gjennomføring av konkurransa

### A.2.1 Konkurranseform

Konkurransen er sendt direkte til aktuelle leverandørar og annonser i lokal presse.

Konkurransen vil bli gjennomført som ein open konkurranse med forhandling. Det vil



seie at alle interesserte leverandørar kan gi tilbod, og at Statens vegvesen har rett, men ikkje plikt, til å føre forhandlingar med tilbydarar, etter at tilboda er komne inn.

Ved forhandlingar vil oppdragsgivar kalle inn tilbydarar til møte med eit forhandlingsutval. Det vil bli moglegheit til å presisere og utdype tilbodet. Forhandlingsutvalet kan be om reviderte tilbod.

Oppdragsgivar kan og redusere antall tilbod som det skal forhandlast om. Ein slik reduksjon kan skje ut frå tildelingskriteria (kap A.3).

Oppdragsgivar har rett til å invitere maksimalt 5 av dei kvalifiserte tilbydarane til forhandlingar.

#### **A.2.2 Kostnader for å delta i konkurransa**

Kostnader som tilbydar har i samband med å gi tilbod vil ikkje bli refundert.

#### **A.2.3 Frist for vedkjenning**

Tilboda er bindande for tilbydarane fram til fristen for vedkjenning går ut. Sjå pkt. A5

#### **A.2.4 Avvisning**

Oppdragsgiver har rett til å avvise tilbydarar som ikkje oppfyllar kvalifikasjonskrava. Sjå punkt A3.

Tilbod som er levert etter tilbodsfristen vil bli avvist.

Tilbod som inneheld avvik frå konkuransereglane vil bli avvist.

Tilbod som inneheld andre avvik enn dei som er nemnt ovanfor, kan bli avvist om oppdragsgivar meiner at avvika kan gi tvil om korleis tilbodet skal bedømmast i tilhøve til dei øvrige tilboda. Det vil seie at eit tilbod kan bli avvist, sjølv om det inneholder avvik som ikkje er i strid med føresetnadene i kravspesifikasjonen.

#### **A.2.5 Avlysning**

Statens vegvesen har rett til å avlyse konkurransen utan at det oppstår plikt om erstatning viss det ligg føre ein sakleg grunn for å avlyse.

### **A 3. Krav til tilbodet**

Det som skal sendast inn er:

- Tilbodsbrev, datert og med underskrift.
- Dokumentasjon som beskriven under i punkt a-e.

Tilbydaren må fylle krava under punkt a-e for å kunne delta i konkurransen:

Tilbydar skal greie ut om kvalifikasjonane sine i den rekkefølge og med det innhald som går fram nedanfor.

**a) Tilbydar skal ikkje ha restansar på skatt/arbeidsgivaravgift og meirverdiavgift.**

- Legg ved Skatteattestar ikkje eldre enn 6 mnd.

Med *skatteattestar* meines:

- skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) utskrive av skattefogd for meirverdiavgift
- skjema frå skattedirektoratet (RF-1244) utskrive av kemner-/kommunekasserar for skatt/arbeidsgivaravgift.

**b) Helse Miljø og Tryggleik**

- Legg ved: HMS eigenerklæring.

Bruk gjerne mal som er lagt ved(vedlegg 1).

For arbeid som skal utførast i Norge skal oppdragsgivar krevje at samtlege leverandørar legg fram ein eigenerklæring om at leverandøren oppfyller lovkrava i Norge som gjeld helse, miljø og sikkerhet (HMS).

**c) Lovleg etablert foretak eller foretak under etablering.**

- Legg ved Firmaattest, eller anna dokumentasjon på foretak under etablering.

**d) Finansiell styrke til å gjennomføre oppdraget**

- Legg ved komplett årsregnskap inkl. noter med styre- og revisjonsberetning for 2015 eller anna dokumentasjon t.d forretningsplan.

**e) Tilfredsstillande erfaring og kompetanse**

- Legg ved en ein kort informasjon om tilbydar og evt. eksisterande verksemd
- Legg ved ein beskrivelse av forretningsidé og driftskonsept for denne leveransen. (Sjå vurderingskriteria pkt. A 4)
- Legg ved en beskrivelse av relevant kompetanse som inngår i tilbodet



## A 4. Vurderingskriterier for tildeling

For denne konkurransa vil kontrakt bli tildelt det tilbodet som er det mest fordelaktige.

Tilboda vurderast etter følgjande kriterier. Kriteriane vektast likt.

- **Kvalitet** – Driftskonsept for anlegget; mat og øvrig produkt, fagleg kompetanse, og erfaring, samarbeidstilhøve og underleverandørar, utviklingsmoglegheiter
- **Service** – kundehandsaming, vertskapsrolla, informasjon
- **Driftsopplegg** – organisering av drifta, rutiner for rydding og reinhold av utearealar, bygningar og toalett, IK mat, opplæring av ansatte m.v.

## A 5. Framdrift for anskaffinga

Anskaffinga gjennomførast slik:

Dato:	Aktivitet:
2.10.2017	Kunngjering/utsending av konkurransegrunnlaget
20.10.2017	Frist for spørsmål til konkurransa kl 12.00
6.11.2017	Frist for tilbodet: Kl 12:00
VEKE 47	Forhandlingar
VEKE 49/50	Kontraktstildeling
15.01.2018	Frist for vedkjenning

Siste frist for spørsmål til konkurransa er 20.10 kl. 12. Spørsmåla skal vere skriftlege. Spørsmåla vil bli samla opp og svar blir gjeve på ein generell og anonymisert måte. Svar vil bli sendt alle interessentar på e-post.

Alle spørsmål skal rettast til:

**Statens vegvesen**  
v/Grete Kongshaug  
E-post: [grete.kongshaug@vegvesen.no](mailto:grete.kongshaug@vegvesen.no)

### A.5.1 Leveringsadresse

Tilboda skal vere forsvarleg pakka i lukka emballasje og tydeleg merka med:

**"Tilbod drift Gudbrandsjuvet"**

Tilbodet skal vere motteke innan fristen. Tilbodet skal sendast/leverast:

**Statens vegvesen, Turistvegseksjonen**  
v/ Grete Kongshaug  
Postboks 1010 Nordre ÅL  
2605 LILLEHAMMER



**Statens vegvesen**

Det er ikkje høve til å levere tilbod på e.post.

Det er tilbydaren sin risiko at tilboden kjem fram til Statens vegvesen i tide. (Sjå pkt A.2.4)

**A.5.2 Avgjerd/handsaming av tilboda**

Det vil ikkje vere offentleg opning av tilboda

Oppdragsgivar vil ikkje returnere tilboda.

Tilbydadarar som ikkje får delta forhandlingane vil få brev med ei grunngjeving av kvifor dei ikkje er aktuelle.

Det vil bli sendt brev med informasjon om tildeling av kontrakt.



## B – kravspesifikasjon

### B 1. Beskrivelse

Driftsavtala skal omfatte anlegg og areal som Statens vegvesen eig på Gudbrandsjuvet. Ansvarsområdet er beskrevet nedanfor og vist på vedlagte teikninger. Leverandøren skal vera attraksjonen sitt vertskap og represesentere Nasjonal turistveg Geiranger-Trollstigen og området på ein god måte.

#### Gudbrandsjuvet

Attraksjonen Gudbrandsjuvet inneheld:

- Servicebygg med kafé med ca. 50 sitteplassar, kjøken, toalett og uteservering
- Uthus med teknisk rom for luftbehandlingsanlegg, kjøl- og fryserom, rom for nedkjøling av avfall og offentlege toalett
- Parkeringsplassar
- Bru og utsiktsplattform

### B 2. Driftsoppgåver

- Leverandør får etter kontrakten det fulle og heile ansvaret for drifta av kafeen. Det er driftsplikt frå 1. juni til og med 31. august. Leverandør kan sjølv bestemme opningstid utover dette.
- Toalettilbod skal vere tilgjengeleg frå sesongopning av fylkesveg 63 og fram til forventa stenging av veg.
- Kafedrifta skal ha høg kvalitet på mat, servering, kundehandsaming og miljø. Kafédriften skal ha lokalt sær preg, helst med utnytting og profilering av lokale råvarer.
- Leverandør skal vera eit godt vertskap for Nasjonale turistveger og området
- Leverandør skal tømme søppel med unntak av molok på parkeringsplassen. Heile området skal vere reint og ryddig og fritt for søppel.
- Leverandøren skal halde renovasjonsabonnement
- Leverandøren skal vaske toalett, halde rengjøringsmidler, fylle såpe, tørke- og toalettpapir. Vask og reinhold av toaletter er leverandøren sitt ansvar gjennom heile sesongen, også i skuldersesongen da kaféen kan vere stengt.
- Utføre oppgåver lista opp i tabellen «forenkla FDV»

### B 3. Bygningmessige og økonomiske tilhøve

- Oppdragsgivare er ansvarleg for alt bygnings- og anleggsmessig vedlikehald
- Oppdragsgivare stiller til disposisjon fullt utstyrt kjøken med dekketøy og bestikk, bord og stolar



- Driftsmessig vedlikehald som skifte av lyspærer, tette sluk , smøre låser o.l er leverandøren sitt ansvar. Vedlikehaldsbehov som oppstår skal med ein gong varslast oppdragsgivar.
- Oppdragsgivar held bygningene brannforsikra. Leverandør må teikne forsikring på eige utstyr og eigne varer.
- Skilt og reklameplakatar skal ikkje setjast opp uten etter avtale med oppdragsgivar
- Leverandør skal betale alle laupande utgifter knytt til drifta slik som straum, telefon, renovasjon, andre kommunale avgifter og sørvisavtale for kjøkenutstyr.
- Oppdragsgivar vil ikkje krevje husleie

## **B 4. Varighet**

Driftsavtala gjeld for 5 år med ei prøveperiode på 1+1 år. Første driftsår er 2018. Det er moglegheit med forlenging i ytterlegare 5 år.

## **B 5. Løyver**

Leverandøren er ansvarleg for å skaffe naudsynte løyver til kafédrift fra offentlege myndigheter (mattilsyn, arbeidstilsyn, osv.)

## **Vedlegg**

Mal HMS-egenerklæring

- Situasjonsplan
- Situasjonsplan Ortofot
- Plan Kafé og uthus
- Plan Kjøken
- Driftsinstruks og oppgåver for vegentrepreneur (Pr. idag: Vegdekke)
- Skjema ansvar «forenkla FDV»



**Statens vegvesen**